

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 229/2022

2023/EØS/31/02

av 23. september 2022

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/537 av 4. april 2022 om godkjenning av eit preparat av sitronekstrakt som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/538 av 4. april 2022 om fornya godkjenning av natriumbenzoat som tilsetjingsstoff i fôr til avvande smågrisar, om ny godkjenning for avvande smågrisar av andre artar i svinefamilien og om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) nr. 496/2011 (innehavar av godkjenninga: Taminco Finland Oy)⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/593 av 1. mars 2022 om godkjenning av eterisk olje av litsebær som tilsetjingsstoff i fôr til visse dyreartar⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/633 av 13. april 2022 om godkjenning av eit preparat av *Lactiplantibacillus plantarum* DSM 26571 som tilsetjingsstoff i ensilasje til alle dyreartar⁽⁴⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/652 av 20. april 2022 om godkjenning av ekstrakt av bitterappelsin som tilsetjingsstoff i fôr til visse dyreartar⁽⁵⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/653 av 20. april 2022 om godkjenning av eit preparat av bladekstrakt av *Melissa officinalis* L. som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽⁶⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 7) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/654 av 20. april 2022 om godkjenning av butylhydroksyanisol som tilsetjingsstoff i fôr til kattar⁽⁷⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 8) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/702 av 5. mai 2022 om godkjenning av tinktur av filtkongslys som tilsetningsstoff i fôr til visse dyrearter⁽⁸⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 9) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/703 av 5. mai 2022 om fornyelse av godkjenningen av et preparat av *Bacillus velezensis* DSM 15544 som tilsetningsstoff i fôr til avvente smågrisar, om godkjenning for alle fuglearter og -kategorier, om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2016/897, (EU) 2017/2312 og (EU) 2018/1081 og om oppheving av forordning (EU) nr. 333/2010, forordning (EU) nr. 184/2011 og gjennomføringsforordning (EU) 2019/893 (innehavar av godkjenninga: Asahi Biocycle Co. Ltd., representert i EU ved Pen & Tec Consulting S.L.U.)⁽⁹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.

⁽¹⁾ TEU L 106 av 5.4.2022, s. 4.

⁽²⁾ TEU L 106 av 5.4.2022, s. 9.

⁽³⁾ TEU L 114 av 12.4.2022, s. 44.

⁽⁴⁾ TEU L 117 av 19.4.2022, s. 26.

⁽⁵⁾ TEU L 119 av 21.4.2022, s. 74.

⁽⁶⁾ TEU L 119 av 21.4.2022, s. 79.

⁽⁷⁾ TEU L 119 av 21.4.2022, s. 84.

⁽⁸⁾ TEU L 132 av 6.5.2022, s. 1.

⁽⁹⁾ TEU L 132 av 6.5.2022, s. 5.

- 10) Gjennomføringsforordning (EU) 2022/538 opphevar Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 496/2011⁽¹⁰⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 11) Gjennomføringsforordning (EU) 2022/703 opphevar kommisjonsforordning (EU) nr. 333/2010⁽¹¹⁾ og (EU) nr. 184/2011⁽¹²⁾ og Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2019/893⁽¹³⁾, som er tekne inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 12) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 13) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 165 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2016/897), 237 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2017/2312) og 266 (Kommisjonens gjennomføringsforordning 2018/1081) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32022 R 0703:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/703 av 5. mai 2022 (EUT L 132 av 6.5.2022, s. 5).”

2. Etter nr. 444 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/415) skal nye nummer lyde:

”445. **32022 R 0537:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/537 av 4. april 2022 om godkjenning av eit preparat av sitronekstrakt som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 106 av 5.4.2022, s. 4).

446. **32022 R 0538:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/538 av 4. april 2022 om fornya godkjenning av natriumbenzoat som tilsetjingsstoff i fôr til avvande smågrisar, om ny godkjenning for avvande smågrisar av andre artar i svinefamilien og om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) nr. 496/2011 (innehar av godkjenninga: Taminco Finland Oy) (EUT L 106 av 5.4.2022, s. 9).

447. **32022 R 0593:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/593 av 1. mars 2022 om godkjenning av eterisk olje av litsebær som tilsetjingsstoff i fôr til visse dyreartar (EUT L 114 av 12.4.2022, s. 44).

448. **32022 R 0633:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/633 av 13. april 2022 om godkjenning av eit preparat av *Lactiplantibacillus plantarum* DSM 26571 som tilsetjingsstoff i ensilasje til alle dyreartar (EUT L 117 av 19.4.2022, s. 26).

449. **32022 R 0652:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/652 av 20. april 2022 om godkjenning av ekstrakt av bitterappelsin som tilsetjingsstoff i fôr til visse dyreartar (EUT L 119 av 21.4.2022, s. 74).

450. **32022 R 0653:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/653 av 20. april 2022 om godkjenning av eit preparat av bladekstrakt av *Melissa officinalis* L. som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 119 av 21.4.2022, s. 79).

⁽¹⁰⁾ TEU L 134 av 21.5.2011, s. 9.

⁽¹¹⁾ TEU L 102 av 23.4.2010, s. 19.

⁽¹²⁾ TEU L 53 av 26.2.2011, s. 33.

⁽¹³⁾ TEU L 142 av 29.5.2019, s. 60.

451. **32022 R 0654:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/654 av 20. april 2022 om godkjenning av butylhydroksyanisol som tilsetningsstoff i fôr til kattar (EUT L 119 av 21.4.2022, s. 84).
452. **32022 R 0702:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/702 av 5. mai 2022 om godkjenning av tinktur av filtkongsløys som tilsetningsstoff i fôr til visse dyrearter (EUT L 132 av 6.5.2022, s. 1).
453. **32022 R 0703:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2022/703 av 5. mai 2022 om fornyelse av godkjenningen av et preparat av *Bacillus velezensis* DSM 15544 som tilsetningsstoff i fôr til avvente smågriser, om godkjenning for alle fuglearter og -kategorier, om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2016/897, (EU) 2017/2312 og (EU) 2018/1081 og om oppheving av forordning (EU) nr. 333/2010, forordning (EU) nr. 184/2011 og gjennomføringsforordning (EU) 2019/893 (innehaver av godkjenningen: Asahi Biocycle Co. Ltd., representert i EU ved Pen & Tec Consulting S.L.U.) (EUT L 132 av 6.5.2022, s. 5).”
3. Teksta i nr. 2c (kommisjonsforordning (EU) nr. 333/2010), 2v (kommisjonsforordning (EU) nr. 184/2011), 2ze (Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) nr. 496/2011) og 290 (Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2019/893) opphevast.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2022/537, (EU) 2022/538, (EU) 2022/593, (EU) 2022/633, (EU) 2022/652, (EU) 2022/653, (EU) 2022/654, (EU) 2022/702 og (EU) 2022/703 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. september 2022, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 23. september 2022.

For EØS-komiteen

Kristján Andri Stefánsson

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.